

Årsmelding og årsrekneskap for Haram kommune 2024**Dokumentinformasjon:**

Saksbehandlar: Maren Bringsvor

Arkivsak: 25/1145

E-post: postmottak@haram.kommune.no

Journalpost: 25/9320

Behandling:

Saksnummer:	Utval:	Dato:
013/25	Eldrerådet	05.06.2025
012/25	Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	05.06.2025
017/25	Ungdomsrådet	05.06.2025
029/25	Formannskapet	10.06.2025
030/25	Kommunestyret	19.06.2025

030/25 - Kommunestyret**Vedtak:**

Haram kommunestyre godkjenner Haram kommune si årsmelding for 2024.

Haram kommunestyre godkjenner Haram kommune sin driftsrekneskap for 2024, som viser ein rekneskap i balanse.

Haram kommunestyre godkjenner Haram kommune sin investeringsrekneskap for 2024, som viser eit udekt meirforbruk på kr 7.138.636 som blir dekte inn av nye låneopptak i 2025. Salsinntekter på aksjar, andelar og eigedom skal tilførast ubunde investeringsfond. Tidlegare vedtekne investeringsmidlar som står unytta vert tatt inn att i budsjettet for 2025.

Haram kommunestyre godkjenner den konsoliderte årsrekneskapen for 2024.

Behandling:**Votering:**

Formannskapet si tilråding samrøystes vedtatt

029/25 - Formannskapet**Tilråding:**

Haram kommunestyre godkjenner Haram kommune si årsmelding for 2024.

Haram kommunestyre godkjenner Haram kommune sin driftsrekneskap for 2024, som viser ein rekneskap i balanse.

Haram kommunestyre godkjenner Haram kommune sin investeringsrekneskap for 2024, som viser eit udekt meirforbruk på kr 7.138.636 som blir dekte inn av nye låneopptak i 2025.

Salsinntekter på aksjar, andelar og eigedom skal tilførast ubunde investeringsfond. Tidlegare vedtekne investeringsmidlar som står unytta vert tatt inn att i budsjettet for 2025.

Haram kommunestyre godkjenner den konsoliderte årsrekneskapen for 2024.

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren si innstilling samrøystes tilrådd

017/25 - Ungdomsrådet

Uttale:

Ungdomsrådet tek årsmelding og årsrekneskap for Haram kommune 2024 til vitande.

Behandling:

Votering:

Orientering frå Petter Sortevik om årsmelding og årsrekneskap. Ungdomsrådet hadde nokre spørsmål som vart oppklart under orienteringa.

013/25 - Eldrerådet

Uttale:

Eldrerådet tar saka til vitande.

Eldrerådet vil i samband med eventuelle revideringar av budsjettet for 2025 og ikkje minst for budsjetta i åra framover kome med følgjande:

Å disponere pengar på forskot skapar ein fiktiv tryggleik og aukar risikoen for underskot.

Offentlege budsjett må vise reelle inntekter, ikkje uvisse framtidige midlar.

Å budsjettere med midlar ein ikkje har, som til dømes avkastninga på Haram kommune sitt fond er feil og må ikkje gjerast oftare.

Fordi!

Ingen kan garantere for at dei forventa inntektene faktisk kjem. Difor er det feil å binde opp pengar på førehand- det går utover både handlefridomen og tryggleiken i framtidige budsjett.

Derfor må vi krevje ei økonomisk styring som tek ansvar for både notida og framtida- og det startar med å ikkje bruke pengar før dei faktisk finst.

Behandling:

Forslag til uttale, foreslått av Leif Hofseth, Høgre

Eldrerådet tar saka til vitande.

Eldrerådet vil i samband med eventuelle revideringar av budsjettet for 2025 og ikkje minst for budsjetta i åra framover kome med følgjande:

Å disponere pengar på forskot skapar ein fiktiv tryggleik og aukar risikoen for underskot.

Offentlege budsjett må vise reelle inntekter, ikkje uvisse framtidige midlar.

Å budsjettere med midlar ein ikkje har, som til dømes avkastninga på Haram kommune sitt fond er feil og må ikkje gjerast oftare.

Fordi!

Ingen kan garantere for at dei forventa inntektene faktisk kjem. Difor er det feil å binde opp pengar på førehand- det går utover både handlefridomen og tryggleiken i framtidige budsjett.

Derfor må vi krevje ei økonomisk styring som tek ansvar for både notida og framtida- og det startar med å ikkje bruke pengar før dei faktisk finst.

Votering:

Eldrerådet kom fram til felles uttale

012/25 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Uttale:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tar Årsmelding og årsrekneskap for Haram kommune 2024 til vitande.

Behandling:

Votering:

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tar Årsmelding og årsrekneskap for Haram kommune 2024 til vitande.

Kommunedirektøren si innstilling:

Haram kommunestyre godkjenner Haram kommune si årsmelding for 2024.

Haram kommunestyre godkjenner Haram kommune sin driftsrekneskap for 2024, som viser ein rekneskap i balanse.

Haram kommunestyre godkjenner Haram kommune sin investeringsrekneskap for 2024, som viser eit udekt meirforbruk på kr 7.138.636 som blir dekte inn av nye låneopptak i 2025. Salsinntekter på aksjar, andelar og eigedom skal tilførast ubunde investeringsfond. Tidlegare vedtekne investeringsmidlar som står unytta vert tatt inn att i budsjettet for 2025.

Haram kommunestyre godkjenner den konsoliderte årsrekneskapen for 2024.

Saksgang:

Saka går til kommunestyret for endeleg vedtak. Kontrollutvalet skal gi uttale til årsrekneskap og årsmelding.

Saka går til eldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet som orientering.

Samandrag:

Årsmelding og årsrekneskap for Haram kommune 2024 vert lagt fram samla og digitalt i Framsikt:

<https://pub.framsikt.net/2024/haram/mr-202412-1234>

Årsmeldinga er kommunedirektøren sin presentasjon av kommunen og omfanget av tenester og aktivitetar i kommunal regi i 2024. Årsmeldinga skal gi politikarane, innbyggjarane og andre interessentar informasjon om året som gjekk. Den lovpålagte forenkla årsberetninga innsendt 31.03.25, ligg også som vedlegg i saka.

Driftsrekneskap 2024 for Haram kommune er gjort opp i balanse slik som rekneskapsreglane tilseier. Netto driftsresultat vart svakt negativt med -2,4 mill. kroner i 2024. Sidan Haram er ein ny kommune og 2024 er første driftsår har ein ikkje sammenligningstall. Driftsresultat i prosent av driftsinntekter var -0,2%, mot eit måltal på 1,75%. Bruk av disposisjonsfond vart på 3,2 mill. kroner i 2024. Netto driftsresultat for den konsoliderte rekneskapen vart på -3,1 mill. kroner.

Kontrollutvalet vil behandle årsmelding og årsrekneskap i sitt møte 5.juni. Kontrollutvalet sitt vedtak vil verte tillagt saksdokumenta når det ligg føre.

Dei ulike råda vil få sak om årsmelding og årsrekneskap 2024 til orientering i sine møte 5.juni.

Saksopplysningar:

Årsmeldinga for 2024 vert med dette lagt fram for formannskap og kommunestyre til behandling. Årsmeldinga er utarbeidd i Framsikt og inneheld ei skildring av tenester og aktivitet i løpet av året som har gått. I tillegg er sentrale tema som samfunnssikkerheit og beredskap, befolkningsutvikling og interkommunale samarbeid omtalt. Meldinga inneheld også ei KOSTRA-analyse som viser korleis Haram kommune står i forhold til samanliknbare kommunar for dei ulike tenesteområda. Vi har ikkje historikk for Haram åleine for perioden 2020-2023, så KOSTRA-analysen viser kun samanlikning for 2024.

Når driftsrekneskapen viser eit mindreforbruk etter at budsjetterte disposisjonar er gjennomførte, skal mindreforbruket avsetjast til disposisjonsfond. Når driftsrekneskapen viser eit meirforbruk etter at budsjetterte disposisjonar og eventuelle strykingar er gjennomførte, skal meirforbruket dekkjast av tilgjengeleg disposisjonsfond. For 2024 vart det stryke avsetningar til disposisjonsfond og netto bruk vart om lag 3,2 mill. kroner frå disposisjonsfond. Netto driftsresultat vart på -2,4 mill. kroner mot eit budsjettert netto driftsresultat på 15 mill. kroner. Sidan Haram er ein ny kommune har ein ikkje tal for 2023 å samanlikna med.

Konsolidert driftsrekneskap for 2024 viser eit netto driftsresultat på -3,1 mill. kroner.

Følgjande selskap er med i den konsoliderte rekneskapen:

- Ingebrigt Davik-huset KF

Investeringsregnskapet for 2024 vart gjort opp med meirforbruk og udekt beløp på -7,1 mill. kroner. Det kjem i stor grunn av ein uoppdaga feil i bygginga av det nye økonomisystemet frå Visma som gjorde at mva.kompensasjon i investeringsrekneskapen vart ført to gonger. Prosjekta vart godskreve kompensasjon dobbelt slik det verka betra enn det som var rett og vart ikkje avdekt før kontrollane i samband med årsavslutning. Spesielt det store prosjektet Eidet barne- og ungdomsskule viser ei større manglande budsjettmessig finansiering. For den konsoliderte investeringsrekneskapen vart det då det same udekt beløp på -7,1 mill. kroner etter korrigerings av feilført investering i Ingebrigt Davik-huset KF i 2023 og selskapet har no igjen ikkje lenger eit eige investeringsrekneskap.

Det blir elles vist til særskilde selskap sin årsrekneskap og årsmelding for detaljar rundt driftsrekneskap, investeringsrekneskap og balanserekneskap med notar.

Forskrift for budsjett og rekneskap for kommunane gir krav om korleis årsrekneskapen skal setjast opp. Desse obligatoriske rekneskapane følgjer som vedlegg til saka. Det same gjer dei utdjupande finansrapportane både for låneforvaltninga og finansplasseringar.

I samsvar med §14-7 i kommunelova skal det utarbeidast ei årsmelding for den samla verksemda i kommunen. Årsmeldinga til kommunen inneheld litt meir informasjon om kommunen si drift enn det som er lovpålagt. Dei lovpålagde krava blir dekt av den forenkla årsmeldinga som blir sendt inn seinast 31.mars. I samsvar med §14-3 skal kontrollutvalet uttala seg om årsrekneskap og årsmelding før formannskap og kommunestyre innstiller til vedtak.

Analyse av rekneskapen og forklaringar på budsjettavvik er omtalt i årsmeldinga.

Årsmeldinga er i elektronisk utgåve og lenkje til denne følgjer som vedlegg i saka.

Vurderingar:

Eit netto driftsresultat på -2,4 mill.kr i 2024 utgjer -0,2 % av netto driftsinntekter. Netto driftsresultat er om lag 19 mill. kroner svakere enn vedteke finansielt måltal på 1,75% (17 mill.kr) og omlag 13,5 mnok dårlegare enn opprinneleg budsjettert.

Etter avsetting og bruk av bundne fond, samt pliktige strykningar, vart netto bruk av disposisjonsfond 3,2 mill.kr.

Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:

2024 er første driftsår for nye Haram kommune.. Haram kommune har med seg eit balanseført disposisjonsfond på omlag 40,6 mill.kroner etter kommunedelinga med Ålesund, men resultatet er ennå ikkje endeleg avgjort. Det er difor risiko knytt til størrelse på dette disposisjonsfondet og det vil bli justeringar. Det er også fleire større økonomiske usikkerheitsmoment knytt deling av andre forpliktingar som til dømes Nordøyvegen som vil ha veldig stor konsekvenser for Haram kommune.

Nærmere omtale om det økonomiske resultatet er omtalt i årsmeldinga.

<https://pub.framsikt.net/2024/haram/mr-202412-1234>

Konklusjon med grunngiving:

Haram kommune sitt driftsreknskap for 2024 er gjort opp i balanse ved at 3,2 mill. kroner er brukt frå disposisjonsfond. Haram kommune sin investeringsrekneskap for 2024, som viser eit udekt meirforbruk på kr 7.138.636, blir dekte inn av nye låneopptak i 2025. Årsmeldinga gir opplysningar som er viktige for å bedømme kommunens økonomiske stilling og resultatet

av verksemda som ikkje direkte går fram av årsrekneskapen, og dessutan at andre forhold som er av vesentleg betydning for kommunen er kommentert.

Netto driftsresultat for den konsoliderte driftsrekneskapen vart i 2024 på -3,1 mill. kroner etter eit meirforbruk også i det kommunale kulturforetaket. Konsolidert investeringsrekneskap hadde eit udekt beløp på 7,1 mill. kroner, dvs. at ikkje alle prosjekt hadde full budsjettmessig finansiering.

Anders Norvald Hammer
kommunedirektør

Vedlegg:

1. Årsrekneskap - forskriftsskjema 2024 - Haram kommune - konsolidert
2. Haram kommune - Langsiktig gjeldsportefølje 31.12.24
3. Årsberetning Haram kommune 2024
4. Årsrekneskap - noter 2024 - Haram kommune (R)
5. Haram kommune - Langsiktig finansportefølje 31.12.24
6. Årsrekneskap - noter 2024 - Haram kommune - konsolidert (R)
7. Årsrekneskap - forskriftsskjema 2024 - Haram kommune - signert
8. Uttalelse fra ledelsen - Haram kommunes regnskap for 2024 - signert